



Tor Åge Ryland
Dalstøvegen 27
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/906 - 17/23795

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
04.12.2017

Pålegg - GBNR 18/57, 63 - Krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg - Dalstø

Administrativt vedtak. Saknr: 335/2017

SAKSUTGREIING:

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg, datert 20.4.2017, med frist for tilbakemelding innan 12.5.2017. Kommunen mottok tilbakemelding frå deg den 11.5.2017, der du grunngjev kvifor du ikkje ønskjer å kople bustaden din til det kommunale anlegget. Du meiner at ei tilkopling vil medføre ein uforholdsmessig stor kostnad for deg.

VURDERING:

Det følgjer av pbl § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal tilkoplast til ei offentleg vassleidning, «*når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal.*»

Kommunestyret i Meland har i vedtak datert 23.1.2008 lagt til grunn at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkopling.

Kommunen sine kart viser ein avstand på om lag 90m frå tilkoplingspunktet til den kommunale hovudleidningen og fram til din eigedom. På bakgrunn av kommunestyrevedtaket er dermed utgangspunktet at bustaden din må tilknytast det kommunale anlegget. Kommunen kan likevel gje fritak frå tilkopling når tilkopling vil medføre ein «*uforholdsmessig stor kostnad*», jf. pbl § 27-1. Vi viser i den samanheng til Sivilombudsmannen si årsmelding 2004 s. 281 der det vart lagt til grunn at kostnadar på opp mot kr 100 000 ikkje var uforholdsmessig, sjølv om eigedomen frå før av hadde eit tilfredsstillande privat anlegg.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vi kan ikkje sjå at du har dokumentert kostnadane med tilknytninga tilstrekkeleg, og det er difor vanskjeleg for kommunen å vurdere om tilkopling vil medføre uforholdsmessige kostnader, jf. pbl § 27-1. Vi viser i den samanheng til at kostnader med etablering av eksisterande vassforsyning frå 1974 har avgrensa relevans for vurderinga.

På bakgrunn av det ovannemnde vil du bli pålagt tilkopling til det kommunale anlegget.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev gbnr. 18/57, 63 pålegg om tilkopling til det kommunale vassanlegget, jf. plan- og bygningslova § 27-1. For grunngeving og vurdering, sjå ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast og kostnader for tilkopling bør dokumenterast frå røyrleggjar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Tor Åge Ryland

Dalstøvegen 27 5918

FREKHAUG